

Kulturvandring på Valen

STOR FOLKEFEST OG KULTURVANDRING PÅ VALEN

SJØBUO
PÅ VALEKAIEN



GAMLE
KRAFTSTASJONEN



VELKOMNE TIL Å BLI MED PÅ MARKERING AV
100-ÅRSJUBILEET FOR UNIONSOPPLØYSINGA.

SUNDAG 5.JUNI 05 KL. 13 – 16.30

PROGRAM (Du kan vera med på heile eller delar av programmet)

Kl. 13.00

OPNING PÅ SKULEPLASSEN

Opningsord av Steinar Haugan
Song av born frå barnehagen og skulen
Kafe, marknad med blomar, lefser, husflid,
skulehistorisk utstilling og sal av barnebilet

13.30 – 15.00

KULTURVANDRING I VALEN SI HISTORIE

Rundløype via sjukehuset, kraftverket og Valekaien

14.00 og 15.00

Kåseri om livet på Valekaien i gamle dagar v. **Hagbart Lunde**

14.00 og 15.00

Kåseri om den gamle kraftstasjonen v. **Reidar Handeland**

Det vert hornmusikk, grillmat, kaffi, utstillingar, musikk ved
Gitarkammeratane, gamle båtar ved kaien. Valestiftinga
orienterer og syner fram restaureringsarbeid og nye stiar og bruer.

15.30

Samling på skuleplassen med trekning av lotteri og framhald
med kafe og sal av blomar, lefser, og husflid.

Arrangementet er eit samarbeid mellom Valen Oppvekstsenter,
Valestiftinga og Valen sjukehus.

ALLE ER HJARTELEG VELKOMNE !

① ”Geilo”

Vegen frå hovudvegen til Postvegen opp til den gamle gravplassen på Valen. Namnet tyder veg mellom to steingardar. Steingardane vart rivne etter storflaumen på Valen i 1956, då mest hele Valeheia rant bort i løpet av eit par timar ein sommardag.

② Gamle gravplassen på Valen

Etablert kring 1910. Før denne gravplassen vart teken i bruk var gravstaden til alle Valebuar kyrkjegarden ved Eid kyrkja på Halsnøy. Ny kyrkjegard vart etablert på Naustbakkjen på Eikeland på slutten av 1960-åra.



④ Skulebakkjen

Namnet på bakkjen som rennfrå Søsterheimen til Valekaien. Bekken vart i 1940 og -50 åra murt opp i ei renne frå hovudvegen og til gardsenden ved Søsterheimen. Dette omstendelege murarbeidet vart gjort av ein pasient ved sjukehuset.

⑤ Valen Asyl – Valen sjukehus

I 1910 vart det etablert sinnsjukeasyll på Valen. Asylet skulle vera ein fristad og eit sjukehus for dei som hadde mentale sjukdomar og som hadde det svært vanskeleg i samfunnet på denne tida. Søndre Bergenhus Amt kjøpte opp Nordre Valen Gard og det vart bygd 2 store murbyggingar til den første etableringa. Asylet var svært moderne og hadde eige kraftverk. Det var den første institusjonen i heile Nord-Europa som hadde oppvarming med elektrisitet. Storkjøkenet og vaskeriet krevde og mykje energi. Gardsbruket skulle syta for at dei i stor grad var sjølvforsynt med maten og den daglege drifta. I 1921 vart Handeland Gard kjøpt opp av sjukehuset og i 1933 vart og Søre Valen Gard innlemma. Med dette vart sjukehuset eigar av den største garden i Hordaland (kring 20 000 da). I 1930-åra vart namnet på institusjonen, Valen Sjukehus.




③ Gamleskulen

Skulen vart bygd for Valen krins i 1874 og vart nytta til barneskule fram til 1914. Der var skulestove og eit par små rom til lærarbustad i første høgda og ei trapp som førde opp til eit lite rom i andre høgda. Her budde læraren med familien sin, og lærarkona sytte for reinhaldet på skulen. Frå 1937 vart skulehuset nytta til middelskule eller til realskule som det seinare kom til å heita. Skulen er i dag eigd av Hordaland Fylke og leigd av Helse Fonna.

⑥ Nordre Valen Gard

Gardstunet på Nordre Valen med våningshuset, tenarbustad og lóa, er det som i dag er administrasjonsbygg, gartnarbustad og snekkerverkstad på sjukehuset

På ”Kringlebakken” nedanfor Hovedhuset på Nordre Valen fekk slåttefolket utdelt kringla når slåttonna var ferdig. Ein fast tradisjon frå gammalt.



⑦ Søre Valen gard

Hovudtunet på den gamle Valegarden

Det gamle våningshuset i Søre-Valo brann ned til grunnen i 1915. Nytt bygg stod ferdig i 1917. Søre Valen gard vart ekspropiert og kjøpt av Hordaland fylke i 1933. Våningshuset vart då ein av koloniane under sjukehuset. Huset er no i privat eige.

I Søravals-tunet var det i tillegg Borgstove og Stabbur. På oversida av veggen stod løbebygningen og ved elva eldhus/vaskehus og kvern. I tunet stod det og eit stort eiketree som skal ha vore eit av dei største eiketrea i Skandinavia, 10m i omkrets, Det var på midten av 1800-talet anslått å vera over 900 år gammalt. Restane etter treet viser enno att like nedanfor trappa.

⑧ Gamle kraftstasjonen

Den gamle kraftstasjonen stod ferdig i 1910. Ing. Chr. Drangsholt var sjef for utbygginga. Det var vanleg at kraftstasjonar på denne tida vart bygd mest som katedralar eller kyrkjer. Hovudføremålet med stasjonen var å levara kraft til sjukehuset, men etter kvart vart det levert straum til andre i bygda og.

⑨ Sagefallene og området ved sjøen

I åra etter kraftutbygginga vart området ved elva og saga kjøpt opp av Chr. Drangsholt. Han kalla området for Sagefallene. Seinare selde han dette vidare. I Sagefallene finn vi i tillegg til eit flott naturområde, restar etter Fyrstikkfabrikken til Jens Undall. Området er no gjort meir tilgjengeleg med to nye bruer nede ved Gamla Sago og natursti inn i deltaet. Ved den nordre elva ligg sjukehuset sin gravplass fint omkransa av gamle bøketrer, denne vart oppretta berre eit par år etter at sjukehuset opna. Like nedfor dette, der stien tar av mot sør, finn vi hustufter, truleg ein husmannsplass. ”Hatlane” heiter det her.

Gamle og Nya Sago

Saga på Valen var blant dei første som vart etablert i Sunnhordland. Her kom det sag alt tidleg på 1500 talet. Skotske skip var her og lasta tømmer finn vi nemnt i kjeldene. Vitne om det kan vi finna rundt omkring i sjøen der det ligg ballast-røyser. Gamla Sago ved Søravalselva brann ned til grunnen i 1988, ein del gamle båtar strauk med i denne brannen, mellom anna den gamle kyrkjebåten til garden. Nya Sago, som var elektrisk dreven, låg ved den nordre elva, denne brann ned til grunnen i 1992.

”Braadlanstykket”

I området mellom elvane var det i 1920 åra planar om å byggja ein hermetikkfabrikk, men planane stranda då fabr eigar og skipsreiar Ommund Braadland gjekk konkurs. Sjukehuset overtok seinare området.



Kaien og sjøbuo / Den gamle handelstaden

Her vart det starta handel fyrste gong i 1870-åra. Buo vart sett opp her kring 1903. Ho skal før ha stått på Jektevik, ute i Langenuen. Seinare vart det to butikkar her og dampbåt-ekspedisjon. Alle varer til Valen og sjukehuset gjekk då om dette knutepunktet. På midten av 1950 åra vart butikkane flytta opp i Valebygda og kring 1967 vart det og slutt med båtuttrafikken på Valen. Kaien og Buo er no under rehabilitering og er eigd av Valestiftinga.

